

St.prp. nr. 8

(2006–2007)

Fylkesveg 472 til Utgårdskilen i Hvaler kommune i Østfold – finansiering av tiltak gjennom forlenga bompengeinkrevjing på rv 108

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 10. november 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Samferdselsdepartemenet legg i denne proposisjonen fram forslag om utbygging og finansiering av tiltak på fv 472 til Utgårdskilen i Hvaler kommune i Østfold. Tiltaka er føresett delfinansierte med bompengar gjennom utviding av den eksisterande bompengeordninga for fastlandssambandet til Kirkøy på rv 108.

1 Bakgrunn

Stortinget gav i 1988 samtykke til delvis bompengefinansiert utbygging av fastlandssambandet til Kirkøy i Hvaler kommune, jf. St.prp. nr. 51 (1987-88) og Innst. S. nr. 79 (1987-88). Bompengeinkrevjinga starta i oktober 1989. På grunn av dårlig innteningsevne gav Samferdselsdepartementet i 1993 løye til å flytte bomstasjonen frå Asmaløy til Bukkholmen (markert med «Bomstasjon» på oversiktskartet i figur 2.1.) ved kommunegrensa til Fredrikstad. Bomstasjonen vart flytta i oktober 1993.

Bompengeselskapet si gjeld er venta nedbetalt ved årsskiftet 2006/2007. Østfold fylkeskommune vedtok i møte i fylkestinget 9. desember 2004 å be om at det skulle setjast i gang eit forprosjekt for vurdering av tiltak på fv 472 til Utgårdskilen. Fylkestinget ba samtidig Statens vegvesen utgreie ei

mogeleg forlenga bompengeinkrevjing i bomstasjonen på rv 108 på Bukkholmen for å delfinansiere tiltaka.

Arbeidet med forprosjektet starta i januar 2005. Det vart leia av ei styringsgruppe med representantar frå Hvaler kommune, Østfold fylkeskommune, AS Hvalertunnelen, Kystverket, og Statens vegvesen. Rapporten for forprosjektet låg føre 25. august 2005. COWI AS var konsulent for arbeidet og vart engasjert spesielt av Statens vegvesen for å kartlegge kor stor del av trafikken gjennom bomstasjonen på Bukkholmen som brukar fv 472 i retning Utgårdskilen. Rapporten med nummerskiltanalyse låg føre i november 2005.

Hvaler kommune og Østfold fylkeskommune har slutta seg til å forlenge bompengeinkrevjinga på rv 108 på Bukkholmen med inntil 2 ½ år for å delfinansiere tiltak på fv 472 til Utgårdskilen. Det er føresett tiltak innanfor ei samla kostnadsramme på om lag 26 mill. kr (omrekna til 2006-prisnivå).

2 Omtale av utbygginga

Fv 472 går frå krysset med rv 108 (Bratte Bakke) til Utgårdskilen og har ei samla lengd på 5,9 km. Vegen inngår i hovudvegnettet i Hvaler kommune, men den er smal, har ein del randbusetnad og man-


Fylkesveg 472 til Utgårdskilen i Hvaler kommune i Østfold – finansiering av tiltak gjennom forlenga
bompengeinnkrevjing på rv 108

glar gang- og sykkelveg, trass i at strekninga er skuleveg. Årsdøgntrafikken (ÅDT) varierer frå om lag 600 køyretøy ved Utgårdskilen til om lag 2 000 køyretøy inn mot Bratte Bakke. Tungtrafikken utgjer vel 5 prosent. Det er rekna med at planlagt aktivitet i fiskerihamna på Utgårdskilen vil føre til større trafikkvekst på fv 472 enn det som er lagt til grunn i generelle fylkesprognosar for Østfold. Vidare reknar ein med at tungtrafikken kjem til å utgjere ein større del av trafikken enn i dag.

Tiltaka det er snakk om, omfattar utbetring av kryssområdet mellom rv 108 og fv 472, bygging av


gang- og sykkelvegsamband på ein 3,1 km lang strekning mellom Neset og Utgårdskilen, samt enkelte mindre utbetringar. Tiltaka er omtalt i Hvaler kommune og Østfold fylkeskommune sine vedtak og er kostnadsrekna til om lag 26 mill. kr.

Det ligg føre godkjent reguleringsplan for planlagt utbetring av kryssområdet mellom rv 108 og fv 472. Godkjent reguleringsplan for gang- og sykkelvegprosjektet er venta å ligge føre i løpet av 2006.



Figur 2.1 Oversiktskart

Kjelde: Statens Vegvesen/Statens Kartverk



Figur 2.2 Fylkesveg 472 til Utgårdskilen

Kjelde: Statens Vegvesen/Statens Kartverk

3 Lokalpolitisk handsaming

Forslag om forlenga bompengeinnkrevjing for å finansiere tiltak på fv 472 til Utgårdskilen er handsama i Hvaler kommune og Østfold fylkeskommune.

Hvaler kommune drøfta forprosjektet for fv 472 i møte i kommunestyret 28. september 2005 og fatta vedtak om å fremje sak om forlenga bompengeinnkrevjing i bomstasjonen på rv 108 på Bukkholmen for å finansiere tiltaka. Kommunen fatta følgjande endelige vedtak i saka i møte i kommunestyret 14. desember 2005:

1. Hvaler kommune ber Statens vegvesen om å fremme en sak for sentrale myndigheter som gir AS Hvalertunnelen godkjennelse om forlenget bompengeinnkrevning på Bukkholmen. Forlengelsen skal gjelde fra Hvalertunnelen er nedbetalt ved årsskiftet 2006/2007, og inntil bompengeinnkrevningen starter for ny Kråkerøyforbindelse, dog ikke lenger enn 2 ½ år.
2. Ved forlenget bompengefinansiering legges til grunn at takstene blir kr 20 for lette og kr 40 for tunge kjøretøyer. Innkrevingen skal skje en vei. Rabatter fastsettes i henhold til statens takstretningslinjer. Det gis fritak for bomavgift for buss i rute og for hytteeiendommer på Bukkholmen.
3. Midlene fra bompengeinnkrevningen skal bidra til å finansiere følgende utbedringstiltak på strekningen Bratte Bakke – Utgårdskilen i Hvaler kommune:

Kryssutbedring fv 472/rv 108	4,0 mill kr
Vegomlegging/justerering av stigning/kurvatur mellom Bratte Bakke og Bankerød	1,6 mill kr
Fortau Neset – Papperhavnkrysset	2,0 mill kr
Gang- og sykkelveg Papperhavnkrysset – Gåsebakke	8,2 mill kr
Gang- og sykkelveg Gåsebakke – Nedre Utgård	2,7 mill kr
Gang- og sykkelveg Nedre Utgård – tidl. butikken	3,3 mill kr
Fortau fra butikken og ned til Utgårdskilen	3,7 mill kr
Sum	25,5 mill kr

4. Utbedringstiltakene skal realiseres mest mulig samtidig med bompengeinnkrevningen, og etter samråd med trafikksikkerhetsutvalget i Hvaler kommune.
5. Gang- og sykkelveg på strekningen Papperhavnkrysset – Gåsebakke forutsettes å utgjøre det marginale tiltaket i prosjektet, i den forstand at områder med lav randbebyggelse (boliger) utsettes først ved eventuelle behov for kostnadsreduksjoner.
6. Hvaler kommune bidrar med 2,5 mill kr (2005-priser) til finansiering av prosjektet i 2007. Kommunen legger samtidig til grunn at Østfold fylkeskommune bidrar med 4 mill kr pr år for 2007 og 2008 fra midler avsatt til fylkesveger.
7. Hvaler kommune og Østfold fylkeskommune stiller nødvendig garanti for AS Hvalertunnelen til eventuelle låneopptak i forbindelse med gjennomføringen av tiltakene. Det vurderes om

garantibehovet dekkes av de garantier som allerede er gitt fra disse garantistene. Formannskapet delegeres myndighet til å gjøre endelig og detaljert vedtak om garantistillelse.

8. Hvaler kommune tar ansvaret for at det utarbeides nødvendige reguleringsplaner for tiltakene og at disse blir godkjent i tide.

Østfold fylkeskommune drøfta forprosjektet for fv 472 i møte i fylkestinget 27. oktober 2005 og fatta følgjande vedtak:

1. Østfold fylkeskommune slutter seg til konklusjonene i forprosjekt fylkesveg B-472 Bratte Bakke – Utgårdskilen, utarbeidet av Statens vegvesen Region øst og datert 25.08.05. Det vil være ønskelig å regne på hva økt trafikk på grunn av fiskerihavna vil innebære.
2. Dette innebærer at fylkeskommunen i likhet med Hvaler kommune ønsker at det blir fremet en sak for sentrale myndigheter som gir godkjennung for forlenget bompengeinnkrevning på Bukkholmen.
3. Østfold fylkeskommune viser til at Utgårdskilen Regionale Fiskerihavn er et regionalt utviklingsprosjekt med stor nytte ut over lokale forhold, og at prosjektet er prioritert i regionale planer og programmer.
4. Østfold fylkeskommune legger til grunn at inntektene fra en forlenget bompengeinnkrevning på Bukkholmen, antatt netto 15 mill kr ved to års forlengelse, benyttes sammen med andre finansieringskilder for å få utført flest mulig av de 10 tiltakene som er prioritert i forprosjektet, og som til sammen er anslått å koste 42,4 mill kr i 2005-priser.
5. Østfold fylkeskommune er innstilt på å bidra med samlet 8 mill kr til gjennomføring av prosjektet Fv B-472 Bratte Bakke – Utgårdskilen (4 mill kr pr. år 2007 og 2008) fra midler avsatt til fylkesveger.
6. Ved forlengelse av bompengeperioden i Hvalerbommen anbefales det at buss i rute gis fritak for bomavgift. Et slikt tiltak vil gi bedre rammebetingelser for kollektivtrafikken.

I møte i fylkesutvalet 15. desember 2005 fatta fylkeskommunen følgjande vedtak:

1. Østfold fylkeskommune ber Statens vegvesen om å fremme en sak for sentrale myndigheter som gir AS Hvalertunnelen godkjennelse om forlenget bompengeinnkrevning på Bukkholmen. Forlengelsen skal gjelde fra Hvalertunnelen er nedbetalt ved årsskiftet 2006/2007 og inntil bompengeinnkrevningen starter for ny

- Kråkerøyforbindelse, dog ikke lenger enn 2 ½ år.
2. Ved forlenget bompengefinansiering legges til grunn at takstene blir kr 20 for lette og kr 40 for tunge kjøretøy. Innkrevingen skal skje en vei. Rabatter fastsettes i henhold til statens takstretningslinjer. Det gis fritak for bomavgift for buss i rute og for hytteeiendommer på Bukkholmen på samme måte som i dagens ordning.
 3. Midlene fra bompengeinnkrevingen skal bidra til å finansiere følgende utbedringstiltak på strekningen Bratte Bakke – Utgårdskilen i Hvaler kommune:

Kryssutbedring fv 472/rv 108	4,0 mill kr
Vegomlegging/justering av stigning/kurvatur mellom Bratte Bakke og Bankerød	1,6 mill kr
Fortau Nese-Papperhavn-krysset	2,0 mill kr
Gang- og sykkelveg Papperhavnkrysset – Gåsebakke	8,2 mill kr
Gang- og sykkelveg Gåsebakke – Nedre Utgård	2,7 mill kr
Gang- og sykkelveg Nedre Utgård – tidl. butikken	3,3 mill kr
Fortau fra butikken og ned til Utgårdskilen	3,7 mill kr
Sum	25,5 mill kr

4. Utbedringstiltakene skal realiseres mest mulig samtidig med bompengeinnkrevingen.
5. Gang- og sykkelveg på strekningen Papperhavnkrysset – Gåsebakke forutsettes å utgjøre det marginale tiltaket i prosjektet i den forstand at områder med lav randbebyggelse (boliger) utsettes først ved eventuelle behov for kostnadsreduksjoner.
6. Østfold fylkeskommune bidrar med 4 mill. kr pr år for 2007 og 2008 fra midler avsatt til fylkesveger.
7. Østfold fylkeskommune stiller nødvendig garanti for AS Hvalertunnelen til eventuelle låneopptak i forbindelse med gjennomføringen av tiltakene.
8. Østfold fylkeskommune har ingen merknader til Hvaler kommunes tillegg til punkt 4.

4 Forslag til bompengeopplegg og finansieringsplan

I tråd med dei lokalpolitiske vedtaka er det lagt til grunn at den eksisterande bompengeordninga for fastlandssambandet til Kirkøy på rv 108 blir forlenga med inntil 2 ½ år for å delfinansiere tiltak på fv 472 til Utgårdskilen, kostnadsrekna til omlag 26 mill. kr. Kostnader knytt til fjerning av bomstasjonen er føresette dekkja innanfor gjeldande ordning. Det er vidare lagt til grunn at utbetringa skal gjennomførast mest mogeleg samtidig med bompengeinnkrevjinga, slik at eventuelle låneopptak blir små.

I det eksisterande bompengeopplegget med einvegs innkrevjing i bomstasjonen på rv 108 på Bukkholmen er takstane 50 kr for lette køyretøy og 100 kr for tunge køyretøy. Ved forlenging av innkrevjinga er det lagt til grunn ein reduksjon av takstane til 20 kr for lette køyretøy og 40 kr for tunge køyretøy. Det er føresett at ordninga med einvegs bompengeinnkrevjing blir vidareført.

På grunn av eit komplisert trafikkbilete er det etablert spesielle rabattordningar for å få eit mest mogeleg rettferdig takstopplegg i den eksisterande bompengeordninga. Ved forlenging av innkrevjinga er det lagt til grunn rabattar i tråd med dei gjeldande takstretningslinjene, men dei lokale vedtaka har føresett forlenga fritak for trafikk til to hytteeigedommar på Bukkholmen. Eigedommane ligg i Fredrikstad kommune, og tilkomstane burde vore etablert nord for bomstasjonen, i Fredrikstad kommune, men på grunn av vanskeleg terrenget er dei etablert sør for bomstasjonen. Vegdirektoratet tilrår at dei to eigedommane også får fritak ved forlenging av bompengeinnkrevjinga.

Statens vegvesen reknar med ein eingangsauke i trafikken gjennom bomstasjonen på 9 pst. når takstane blir reduserte. I tillegg er det lagt til grunn ein generell trafikkvekst på 0,7 pst. pr. år, i samsvar med prognosane som vart utarbeidde for Østfold i samband med Nasjonal transportplan for perioden 2006-2015. Det er etter dette rekna med at ÅDT gjennom bomstasjonen blir om lag 4 500 køyretøy i 2007. Vidare er det lagt til grunn at tungtrafikken vil utgjere om lag 8 pst.

Nummerskiltanalysen frå 2005 viser at berre om lag 25 prosent av trafikken som passerer bomstasjonen på rv 108 på Bukkholmen, kører på delar av fv 472 til Utgårdskilen. Samstundes har trafikken på fv 472 vore med på å finansiere fastlandssambandet til Kirkøy på rv 108 utan å ha hatt direkte nytte av tunnelen. Utbetring av fv 472 til Utgårdskilen er viktig for Hvaler kommune. Etter Vegdirektoratet sitt syn kan utbetringa vurderast

som del av ei trinnvis utbygging av eit samanhengande infrastrukturnett i Hvaler kommune. Utbygginga starta med delvis bompengefinansiert utbygging av fastlandssambandet til dei vestre Hvalerøyane (Vesterøy, Spjærøy og Asmaløy) tidleg på 1970-talet. På slutten av 1980-talet vart utbygginga vidareført gjennom delvis bompengefinansiert utbygging av fastlandssambandet til Kirkøy. Det er no lokalpolitisk tilslutning til forlenga innkrevjing i bomstasjonen på rv 108 på Bukkholmen for å delfinansiere tiltaka på fv 472. Vegdirektoratet tilråderfor at det skisserte opplegget blir godkjent.

Ein reknar med at forlenginga av innkrevjingsperioden med to år gir eit bompengebidrag på til saman 15,5 mill. kr til investeringar på fv 472 til Utgårdskilen. Følgjande basisføresetnader er elles lagt til grunn for utrekningane:

- Innkrevjingsstart 1. januar 2007.
- Gjennomsnittleg bompengetakst pr. køyretøy: 14,40 kr.
- Årlege kostnader til bompengeinnkrevjing: 4,1 mill. kr.
- Lånerente: 6,5 pst.
- Årleg prisstigning: 2,0 pst.

Dersom det blir lagt til grunn at det ikkje blir eingongsauke i trafikken og at gjennomsnittstaksten blir redusert med om lag 1 kr, er det rekna ut at innkrevjingsperioden må bli utvida med om lag eit halvt år for å oppnå bompengeinntekter som føresett. Det er ikkje aktuelt å setje opp realtakstane. I dei lokale vedtaka er det lagt til grunn at bompengeperioden kan forlengast med inntil 2 ½ år, men det er føresett at innkrevjinga blir avslutta før oppstart på foreslått bompengeinnkrevjing for prosjektet rv 108 Ny Kråkerøyforbindelse i Fredrikstad. Dersom tiltaka ikkje kan gjennomførast innanfor innkrevjingsperioden på maksimalt 2 ½ år, må tiltakspakken reduserast, jf. prioriteringa i dei lokale vedtaka.

Østfold fylkeskommune har forplikta seg til å bidra med 8 mill. kr til utbygginga, fordelt på 2007 og 2008. Hvaler kommune har forplikta seg til å bidra med 2,5 mill. kr i 2007. Dette gir ei samla finansieringsramme på 26 mill. kr, fordelt med 15,5 mill. kr i bompengar og 10,5 mill. kr i lokale bidrag. Det er ikkje føresett statlege midlar til utbygginga.

Hvaler kommune og Østfold fylkeskommune har fatta vedtak om å stille garanti for eventuelle låneopptak i samband med utbygginga. I bompengeføresetnadene er det tatt høgde for eit oppstartslån på inntil 3 mill. kr, dersom det skulle bli behov for dette.

5 Samferdselsdepartementet si vurdering

Samferdselsdepartementet har merka seg at utbetring av fv 472 til Utgårdskilen er viktig for Hvaler kommune. Utgårdskilen Regionale Fiskerihavn er eit regionalt utviklingsprosjekt som vil ha nytte av den foreslalte utbetringa. Prosjektet har mottatt statlege utviklingsmidlar og er løfta fram som eit høgt prioritert regionalt prosjekt i Østfold. Dei foreslalte tiltaka vil betre trafikktryggleiken og framkommelegheta på fv 427.

Samferdselsdepartementet er samd med Vegdirektoratet i at utbetring av fv 472 til Utgårdskilen blir vurdert som del av ei trinnvis utbygging av eit samanhengande infrastrukturnett i Hvaler kommune. Utbygginga starta med delvis bompengefinansiert bygging av fastlandssambandet til dei vestre Hvalerøyane tidleg på 1970-talet. På slutten av 1980-talet vart utbygginga vidareført gjennom delvis bompengefinansiert utbygging av fastlandsambandet til Kirkøy.

Departementet legg stor vekt på at det er lokalpolitisk tilslutning til forlenga innkrevjing i bomstasjonen på rv 108 på Bukkholmen for å delfinansiere tiltaka på fv 472. Departementet påpeiker at trafikken på fv 472 har vore med på å finansiere fastlandssambandet til Kirkøy på rv 108 utan å ha hatt direkte nytte av tunnelen. Innkrevjingsordninga blir no utvida til også å omfatte nokre mindre tiltak på fv 472.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at det blir innført reduserte takstar med 20 kr for lette køyretøy og 40 kr for tunge køyretøy. Ordninga med einvegs bompengeinnkrevjing blir vidareført. Rabattane skal vere i tråd med gjeldande takstretningssljer, men med fritak for dei to eigedommane i Fredrikstad kommune som har avkøyrsel til rv 108 sør for bomstasjonen.

Noreg har gjennom EØS-avtalen plikt til å følgje føresegnene i mellom anna det såkalla Eurovignettdirektivet (1999/62/EC). Samferdselsdepartementet meiner at direktivet, som gjeld for avgifter på tunge køyretøy over 12 tonn på hovudvegnettet, ikkje er til hinder for forslaget i denne proposisjonen. Det handlar om ei innkrevjing i eitt punkt for bruk av infrastrukturen i Hvaler kommune, som ikkje rører ved nokon stamveg. Noreg har tidlegare fått medhald hjå EU-kommisjonen for denne typen bompengeordning.

I tråd med dei lokale vedtaka legg Samferdselsdepartementet til grunn at bompengeinnkrevjinga i bomstasjonen på rv 108 på Bukkholmen kan forlengast med inntil 2 ½ år for å delfinansiere dei foreslalte tiltaka på fv 472 til Utgårdskilen. Det er

samstundes eit vilkår at innkrevjinga blir avslutta før eventuell oppstart på foreslått bompengeinnkrevjing for prosjektet rv 108 Ny Kråkerøyforbindelse i Fredrikstad. Ordninga vert altså seinast avvikla i juli 2009, 19 år og 9 månader etter at innkrevjinga i samband med Hvalertunnelen starta. Retningslinene for norske bompengeprosjekt seier rett nok at ein ikkje bør planleggje lengre bompengeriodar enn 15 år, men St.meld. nr. 46 (1990-91) «Om endring i rammebetingelser for bompengeprosjekter» opnar for både 20 år og forlenging med fem år utover dette ved spesielle høve.

Ved ein eventuell kostnadsauke må utbygginga tilpassast tilgjengelege midlar. Det er derfor ein føresetnad at utbetringa blir gjennomført mest mogeleg samtidig med bompengeinnkrevjinga.

6 Avtale

Etter at Stortinget har gjort vedtak om innkrevjing av bompengar til prosjektet vil det bli inngått ein tilleggsavtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med føresetnadene som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon om fylkesveg 472 til Utgårdskilen i Hvaler kommune i Østfold – finansiering av tiltak gjennom forlenga bompengeinnkrevjing på rv 180.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjøre vedtak om fylkesveg 472 til Utgårdskilen i Hvaler kommune i Østfold – finansiering av tiltak gjennom forlenga bompengeinnkrevjing på rv 180 i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om fylkesveg 472 til Utgårdskilen i Hvaler kommune i Østfold – finansiering av tiltak gjennom forlenga bompenge- innkrevjing på rv 108

I

Stortinget samtykker i at bompengeselskapet får løyve til å kreve inn bompengar i bomstasjonen på rv 108 Bukkholmen til delfinansiering av tiltak på fv 472 til Utgårdskilen i samsvar med vilkåra i denne proposisjonen.

II

Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet og fastsetje nærmere reglar for finansieringsordninga.